


[Forsida](#) [Politikk](#) [Kultur](#) [Opplæring](#) [Samferdsel](#) [Tannhelse](#) [Nærings](#) [Planlegging](#) [Regional utvikling](#)
Du er her: [forsida](#) / [tenester](#) / [tilskot](#) / [kultur](#) / tilskot til fysisk akt...

Aktuelt
 Om fylkeskommunen
 Om Hordaland
 Innkjøp
 Internasjonalt
 Ledige stillinger
 Profilhandbok
 Tenester
 Tilskot
 Søk utdanning - ta eksamen
 For media
 Kontakt oss

Tilskot til fysisk aktivitet og idrett for barn og unge

Tilskot til fysisk aktivitet og idrett for barn og unge

Formål	Ordninga skal bidra til å få fleire barn og unge i Hordaland aktiv kvar dag.
Kven kan søkje	Kommunar og frivillige organisasjoner
Søknadsfrist	15. februar
Kva kan støttast	<p>Prosjekt som gjer dei aktive vala enkle for barn og unge i nærmiljøet. Tiltak der målgruppa har medverka vert prioritert. Det vert oppmoda til samarbeid mellom kommunar og organisasjoner.</p> <p>Prioriterde prosjekt:</p> <ul style="list-style-type: none"> a) lågterskelaktivitet som inkluderer inaktive barn og unge b) hindre fråfall frå organisert aktivitet for ungdom c) eigenorganisert aktivitet for ungdom d) minst ein time fysisk aktivitet kvar dag i grunn- og vidaregåande skule. Det vert ikkje løvd tilskot til anlegg og drift.
Støttenivå	Gode prosjekt vert støtta med tilskot frå kr 10.000,- til kr 100.000,-. Fylkeskommunalt tilskot kan ikkje vere høgare enn 50 % av dei totale ressursane for prosjektet. Dugnad kan rekna som eigenfinansiering (inntil kr 250,- pr/time).
Krav til søknaden	<p>Søknaden skal innehalde tilstrekkeleg informasjon/ dokumentasjon til at vedtak kan gjerast.</p> <p>Søknaden skal fremjast på elektronisk søknadsskjema og m.a. innehalde: Dokumentasjon som kort gjer greie for målet for tiltaket, korleis arbeidet er planlagt gjennomført, kven som er involvert, framdriftsplan og ei skildring av korleis tiltaket skal vidareforast etter tilskotsperioden. Finansieringsplan/budsjett for tiltaket. Om tiltaket er støtta/søkt om frå andre fylkeskommunale/statlege tilskotsordningar, skal dette informerast om i søknaden. Dersom søkeren er mangefull, vil det verte høve til å rette dette innan ein nærrare oppgitt frist. Dersom manglane ikkje vert retta innan fristen, kan søkeren verte avvist.</p>
Vilkår for tildeling	Følgjande vilkår må vere oppfylt for at tilskot skal kunne tildelast: Midiane skal gå til prosjekt som gjer dei aktive vala enkle for barn og unge i deira nærmiljø. Det kan ikkje søkast om tilskot til anlegg og ordinær drift av aktivitetar. Tilskot til tiltaket kan ikkje overstige 50 % av den totale kostnaden. Tiltaket må gjennomførast innan utgangen av tildelingsåret.
Ytterlegare moment ved skjønnnsutøvinga	Tildeling av tilskot til søkerar som fyller grunnvilkåra (er kvalifisert jfr. pkt. 5) vert vurdert med utgangspunkt i føremålet med ordninga (jfr. pkt. 1), det det m.a. vert lagt vekt på følgjande moment: I kva grad det har vore medverknad frå målgruppa i utvikling og gjennomføringa av tiltaket. I kva grad det er samarbeid med andre aktørar (kommunar og organisasjoner). I kva grad bygger tiltaket ny kompetanse og har overføringsverdi.

Rapportering/kontroll Sluttrapport skal sendast Hordaland fylkeskommune innan 15. januar på følgende år. Den skal innehalde:

1. Ei kort skildring av gjennomførte tiltak og ev. avvik frå planen for tiltaket.
2. Rekneskap m/oversikt over kostnader og finansiering.

Ev. dokumentasjon i form av foto, link til nettside, avisutklipp e.l. Hordaland fylkeskommune og fylkeskommunen sin revisor skal ha rett til innsyn i rekneskap og dokumentasjon i slik grad som fylkeskommunen og revisor finn naudsynt av kontrollomsyn. Administrasjonen kan gje utsetjing frå kravet om frist for innlevering av sluttrapport ved særlige høve. Brot på krava til rapportering/kontroll kan føre til at tilsegn vert gjort om helt eller delvis.

Misleghald Om tiltaket ikkje vert gjennomført skal midlane først attende til fylkeskommunen. Vesentlege avvik frå prosjektsøknaden kan føre til tilsegn vert gjort om helt eller delvis

Klage Vedtaket kan pålagast i medhald av forvaltningslova § 28. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans for vedtak knytt til midlar løyvd frå Hordaland fylkeskommune. Klage vert sendt til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og Idrettsavdelinga. Klagefrist er tre veker frå søker mottek melding om vedtaket. I Hordaland fylkeskommune sitt brev til søkerane om vedtak, skal det mellom anna opplyst om klagetilgang, klagefrist og partsinnsyn mv. jfr. forvaltningslova § 27 tredje ledd.

Kontaktperson Anne Mette Nesje Porten annport@hfk.no tlf 55 37 80 14

Søknadsskjema [Søknadsskjema for 2014](#)

Budsjett/finansiering [Skjema for budsjett og finansieringsplan](#)

Rapporteringsskjema [Rapporteringsskjema](#)

 [Skriv ut](#)

Hanne Espe 24.01.2013 09:43



Opningstid
15. sept. - 14. mai kl. 08:00 - 15:45
15. mai - 14. sept. kl. 08:00 - 15:00



Sentralbord
55 23 90 00
[Kontakt oss](#)



E-post
hfk@hfk.no



Post
PB 7900
5020 Bergen



Besøk fylkeshuset
Agnes Mowinckels gate 5
[Siå kart](#)